



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland i samband med koronautbrotet

Vi viser til dykkar brev av 6. april om fordeling av ekstra skjønnsmidlar i samband med covid-19 utbrotet.

Av dei fordelte midlane til fylkesmannsembeta i samband med utbrotet, til saman 400 mill. kroner, er kr 47 436 000 fordelt til Fylkesmannen i Vestland. Av desse er halvdel (kr 23 718 000) alt fordelt og utbetalt til kommunane, jf. vårt brev av 27.03.2020. I følgje departementet *skal midlane gå til kommunar som har hatt større meirutgifter i samband med utbrotet, og formålet er m.a. å dekkje utføresette hendingar i kommunane. Fordeling av midlar skal skje i dialog med kommunane.* Ettersom det i mars ikkje låg føre noko godt oversyn over utgifter i kommunane, vart den første fordelinga gjort etter folketal i kommunane med eit minimumsbeløp på kr 200 000 per kommune.

Framfor fordelinga av den siste halvdel, har vi i brev av 25. juni bede kommunane om å melde tilbake oversyn på ekstra utgifter knytte til koronapandemien per ultimo august månad etter:

- Samla ekstra utgifter rapportert i 1. tertial-/kvartalsrapport fordelt mellom driftsutgifter og investeringar, og om tala er inklusive/eksklusive utgifter til smitteverntiltak (jf. vårt brev om eigne skjønnsmidlar til dette).
- Anslag på ekstra utgifter i drift og investering som er kome til etter nemnde rapportering.
- Ev. nødvendig informasjon (stikkord) til det som blir meldt om ekstra utgifter.

Dei 43 kommunane i Vestland har meldt tilbake ekstra utgifter på til saman 430 mill. kroner. Beløpet er inklusive ekstra utgifter til smitteverntiltak, ettersom det har vore vanskeleg for mange av kommunane å skilje ut dette (jf. eigne midlar til smitteverntiltak). Nokre av kommunane melde òg tilbake om tapte inntekter (barnehage, skulefritidsordning, helse og pleie- og omsorg, kultur og finans). Men vi har ikkje teke med tapte inntekter i grunnlaget som vi har nytta i fordelinga av skjønnsmidlane.

I fordelinga har vi brukt følgjande modell/kriteria, og i prosent av 23,7 mill. kroner:

- fordelt etter innbyggjartal – 25 prosent (kr 9,30 per innbyggjar)
- fordelt per kommune – 15 prosent (kr 82 674 per kommune)



- fordelt etter kvar kommune sin del av samla ekstra utgifter på 430 mill. kroner – 60 prosent
- samla skjønnsvurdering.

Med ei slik fordeling tek vi omsyn til både innbyggjartal og per kommune, men at det blir lagt mest vekt på innrapportere ekstra utgifter.

Fylkesmannen ber om at følgjande fordeling blir utbetalt til kommunane gjennom rammetilskotet:

| Kommune | kroner |
|----------------------|------------------|
| K-4601 Bergen | 8 338 000 |
| K-4602 Kinn | 430 000 |
| K-4611 Etne | 240 000 |
| K-4612 Sveio | 290 000 |
| K-4613 Bømlo | 420 000 |
| K-4614 Stord | 650 000 |
| K-4615 Fitjar | 150 000 |
| K-4616 Tysnes | 150 000 |
| K-4617 Kvinnherad | 430 000 |
| K-4618 Ullensvang | 440 000 |
| K-4619 Eidfjord | 130 000 |
| K-4620 Ulvik | 200 000 |
| K-4621 Voss | 490 000 |
| K-4622 Kvam | 390 000 |
| K-4623 Samnanger | 240 000 |
| K-4624 Bjørnafjorden | 930 000 |
| K-4625 Austevoll | 290 000 |
| K-4626 Øygarden | 1 240 000 |
| K-4627 Askøy | 970 000 |
| K-4628 Vaksdal | 450 000 |
| K-4629 Modalen | 120 000 |
| K-4630 Osterøy | 420 000 |
| K-4631 Alver | 1 370 000 |
| K-4632 Austrheim | 180 000 |
| K-4633 Fedje | 100 000 |
| K-4634 Masfjorden | 220 000 |
| K-4635 Gulen | 130 000 |
| K-4636 Solund | 250 000 |
| K-4637 Hyllestad | 260 000 |
| K-4638 Høyanger | 200 000 |
| K-4639 Vik | 200 000 |
| K-4640 Sogndal | 410 000 |
| K-4641 Aurland | 150 000 |
| K-4642 Lærdal | 190 000 |
| K-4643 Årdal | 210 000 |
| K-4644 Luster | 340 000 |



| Kommune | kroner |
|------------------|-------------------|
| K-4645 Askvoll | 180 000 |
| K-4646 Fjaler | 140 000 |
| K-4647 Sunnfjord | 580 000 |
| K-4648 Bremanger | 260 000 |
| K-4649 Stad | 310 000 |
| K-4650 Gloppen | 230 000 |
| K-4651 Stryn | 400 000 |
| SUM | 23 718 000 |

Vi viser ellers til brev i dag om fordeling av skjønnsmidlar på 44,5 mill. kroner til smittevernstiltak.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Kommunane til Vestland